

KLEPP KOMMUNE / TIME KOMMUNE

Utkast til heilskapleg plan med rutiner og tiltak for overgang grunnskule – vidaregåande skule

Kva vil vi sikra oss:

At alle elevar / ungdommar i Klepp får ei utdanning som kvalifiserer dei for eit yrke eller til vidare utdanning.

Arbeidsmål undervegs:

- Auka gjennomføring i vidaregåande skule
- At ingen ungdommar vert borte i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande
- At vidaregåande skule tidleg får informasjon til å følgja opp elevar som kan vera i risikosona for ikkje å gjennomfløra
- Sikra kontinuitet og progresjon mellom ungdomsskulen og vidaregåande skule

HEILSKAPLEG PLAN - OVERGANG GRUNNSKULE TIL VIDAREGÅANDE SKULE

| <i>Årshjul</i> | <i>Aktivitet</i> | <i>Ansvarleg</i> | <i>Vedlegg / merknad</i> |
|-----------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|---------------------------------|
| August | Ved skulestart: Dei som har søkt og ikkje møter opp vert følgde opp i samarbeid med OT. Første skuledag har grunnskulen kontakt med vidaregåande skule om elevar i faresona og høyrer etter om dei har møtt på skulen. | Rektor grunnskulen; samarbeid med VGS. | |

| | | | |
|---------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------|-------------------------------------------------------|
| Innan utgangen av august. | Evaluering av somamrfor kurs på BVS. | Skuleetaten i Klepp har ansvar. | |
| August | Elevar som ikkje søker VGO eller takkar NEI til skuleplass vert kontakta. Det vert halde avklaringsmøte med OT Grunnskulen kallar inn, og OT overtar etter avklaringsmøtet. | Rektor grunnskulen. | |
| September | Møte mellom grunnskular og vidaregåande skular (BVS og Øksnevad) for å gå gjennom, orientera om og drøfta overgangsarbeidet. | Skuleetatane | |
| September | Informasjon til elevar om årsplan, UTV, søknadsprosedyrer til VGS. | Rådgjevar | |
| September / oktober | Foreldresamling på ungdomsskulen for 10. trinnforeldre der dei får informasjon om søkeprosess m.m. i høve til VGS. Representantar frå BVS er med på denne foreldresamlinga på kvar skule. | Rektor v/ rådgjevar | |
| Oktober | Interkommunal fagdag (halv dag) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga matematikk, norsk, engelsk og framandspråk. | Rektor VGS og grunnskulen. | Time:Norsk Klepp:Eng. og fr.språk BVS: Mate. |
| November | Møte / kursdag om søknads- og opptaksprosess for rådgjevarar i grunnskule og vidaregåande skule. | Rogaland fylkeskommune | |
| Oktober / januar | Utdanningsval m/ hospitering på VGS. «Ope Hus» på VGS. Ta del i yrkesmesser ? | Rektor v/ rådgjevar på grunnskule og VGS. | |

| | | | |
|---------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------|--------------------------------------------------------|
| Januar | Kontaktmøte med VGS om elevar med særlege behov | Rådgjevar / sos.lærer / kontaktlærer | |
| Januar | Velja ut elevar til «Glidelåsen». | Rådgjevar / helsesøster / PPT / Barnevern | Gjeld Klepp |
| Fram til 1. mars | Karrieresamtalar / rettleiing til elevar på 10. trinn både individuelt og i grupper. | Rådgjevar og kontaktlærer på ungdomsskulen. | |
| Innan 1. februar | Søknadsfrist for søkjarar med fortrinnsrett | Rådgjevar grunnskulen. | |
| Mars | Møte med fylkeskommunen om elevar som er aktuelle for «Glidelåsen». | Oppvekstleiar / rådgjevar skuleetat | Gjeld Klepp |
| Innan 1. mars | Elevane søker sjølv vidaregåande opplæring med prioritering av tre utdanningsprogram. | Rådgjevar grunnskulen sjekkar / følgjer opp. | |
| April | Interkommunal fagdag (halv dag) for lærarar på ungdomsskulane og vidaregåande skule. Gjeld faga norsk, matematikk, engelsk og framandspråk. | Rektor VGS og ungdomsskulen. | Klepp: Mate. Time: Eng. og fr.språk BVS:Norsk |

| | | | |
|-------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------|
| Innan 1. mai | Ha på plass «Heiagjeng», samtykkjeerklæring og utfylt kontaktskjema for «Glidelåselevar». Dette sendast fylkeskommunen. | Oppvekstleiar / rådgjevar skuleetat | Gjeld Klepp |
| Innan 15. mai | Dialogmøte mellom BVS og ungdomskulane om «bekymringselevar». Helsesøster på skulane er med på desse dialogmøta. | Rådgjevar grunnskule; skuleetatane set opp møteplan. | |
| Innan 15. mai | Tilbakemelding til ungdomsskulane: Korleis har det gått med «elevane våre» ? | Rådgjevar vidaregåande skule | Ha det i forlenging av dialogmøte for kvar skule ? |
| Innan 15. juni | Motivert for og meldt frå om elevar som vil vera med på forkurs på BVS | Rådgjevar grunnskulen. | |